

---

**Saksnr:** 2020/55733-3**Saksbehandlar** Matti Torgersen**Dato:** 24.08.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg


---

## Alverstraumen bru, Alver kommune - Oppstart av arbeid med reguleringsplan

### Bakgrunn

Fylkesrådmannen orienterer med dette om status for arbeidet med ny Alverstraumen bru i Alver kommune.<sup>1</sup>

Dagens Alverstraumen bru er ei einfelts bru på fv. 565 i Alver kommune som er lysregulert og har ei trafikkmengde (ÅDT) på om lag 6 300 kjt/d og eit hovudspenn på nesten 200 meter. Brua vart opna i 1958, og tilstanden til brua er dårleg. Kartet under viser plassering av brua.



### Tidlegare politisk handsaming

I 2016 vart det gjennomført ein moglegheitsstudie for fv. 565 Alverstraumen (Reinertsen 2016-01-31). I denne studien blei fleire korridorar vurderte, både med bru og tunnel. Rapporten rådde til val av midtre løysing, som er i nærleiken av dagens bru. Rapporten vart handsama av fylkesutvalet i Hordaland 26.01.2017, som gjorde slikt vedtak:

---

<sup>1</sup> Brua er tidlegare vore omtala som Alversund bru, mens det offisielle namnet er Alverstraumen bru

1. «Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane i moglegheitsstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trase i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/18, noko som vil gje forlenga levetid av brua på omlag 10 år
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.»

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune handsama saka i møte 30.09.2019, og gjorde m.a. slikt vedtak (pkt 9):

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling stiller seg bak konklusjonane om løysingar for ny Alversund bru som er skildre i kommunedelplanen»

I sak om Fordeling av planleggingsmidlar 2020 i mars 2020 vedtok hovudutval for samferdsel og mobilitet å løyve 1,5 mill. 2020-kr. til planlegging av ny Alverstraumen bru.

### Kostnad og finansiering

Kostnad for sjølve brua er vurdert avhengig av brutype til 173-230 mill. kr 2019-kroner med ei kostnadsuvisse mellom 120 til 300 mill. kr (+/- 30 %). I tillegg kjem kostnader for tilhøyrande vegnett. Totalkostnaden er førebels anslått til om lag 330 – 370 mill. 2020-kr. inklusiv riving av eksisterande bru.

For at eksisterande bru skal fungere i denne perioden treng ein om lag 15 mill. kr. til nødvendig vedlikehald. Om ein ikkje løyver midlar til ny bru viser tidlegare vurderingar at ein må bruke om lag 60 mill. kr. i tillegg til dette for å auke levetida på brua med nærare 50 år. Ein stor del av desse midlane bør løyvast i løpet av dei næraste fem åra.

I budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 er det slik omtale under «Bruer og kaiar - framtidige bruinvesteringar»:

«Dei aller største opprustingsprosjekta må det løyvast særskilte midlar til utover i planperioden. Dei må også om mogleg sjåast i samanheng med fylkeskommunalt bidrag til framtidige bompengepakkar. Det blir arbeidd med eit eige opprustingsprogram for følgjande store fylkesvegbruer:

- Alversund bru, Alver kommune
- Bømlabrua, Bømlo kommune
- Askøybrua, Askøy kommune
- Osterøybrua, Osterøy kommune
- Store fylkesvegbruer i Øygarden kommune

For å synleggjere framtidig behov for investeringar på dei store fylkesvegbruene er det sett opp 81,9 mill. kr i 2023.»

### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Vestland fylkeskommune har ikkje teke stilling til om ein skal byggje ny Alverstraumen bru eller om brua skal oppgraderast. Fylkesrådmannen legg opp til å avklare endeleg prioritering av investeringsmidlar til store prosjekt – under dette prioritering mellom ulike bru-prosjekt – i regional transportplan 2022-2033 (RTP). Det er lagt opp til at fylkestinget skal gjere endeleg vedtak av RTP i desember 2021.

Ut i frå fylkeskommunen sin økonomiske situasjon vil det vere krevjande å finne finansiering til ny Alverstraumen bru. Brua er som nemnt ljøsregulert, har stor trafikk og det vil også påløpe store kostnader ved oppgradering av eksisterande bru. Fylkesrådmannen vil difor leggje stor vekt på å finne ei finansieringsløysing for ny bru.

Det vil også vere behov for vedlikehald av brua i mellomtida, og det vil vere uheldig å måtte bruke mykje midlar for å oppretthalde trafikk om det skal uansett byggjast ny bru. Om ein startar med eit planarbeid no, vil det uansett truleg gå om lag sju år før ei ny bru står ferdig. Fylkesrådmannen meiner difor at det er behov for å starte opp arbeid med reguleringsplan for tiltaket no.

Reguleringsplanen skal bandleggje areal og synleggjere konsekvensar av tiltaket, slik at prosjekteringsarbeidet kan starte opp om det vert gjort vedtak om finansiering av ny bru. Ettersom

det p.t. ikkje er finansiering til ny bru, legg fylkesrådmannen opp til at endeleg utforming av bru, inklusiv val av brutype og arkitektonisk utforming må skje i prosjekteringsfasen.

Reguleringsplan kan truleg vedtakast våren 2022. Planarbeidet vert utført med Vestland fylkeskommune som tiltakshavar og Alver kommune som planmynde. Fylkesrådmannen er i dialog med Alver kommune om planarbeidet.